



Uskedalen ligg førebels på sjetteplass, kan vi klatra enda høgare? (Foto: Erlend Moen).

**Båtmagasinet kårar også i år årets gjestehamn og førebels ligg Uskedalen på sjetteplass på topp 10-lista melder Kvinnheringen.**

Husnes, som gjekk heilt til topps i 2006, er enno ikkje inne på lista. Så langt i år er det Helgøysund Marina som toppar med Bjoa båthamn på andreplasen.

Det er den gjestehamna som får flest stemmer innan 5. august som får den gjeve tittelen og kven som helst kan røysta på [www.baatmagasinet.no](http://www.baatmagasinet.no) eller [www.gjestehavner.no](http://www.gjestehavner.no). Der kan ein til einkvar tid sjå dei ti som toppar.

Den som vinn blir tildelt Båtmagasinet sin ljukekrakk under haustens flytande båtutstilling "Båter i sjøen" i Sandvika 7. september. I tillegg blir hamna og heimkommunen profilert både i "Norske Gjestehavner" og Båtmagasinet.